



STORTINGET

Innst. 435 L

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget
frå familie- og kulturkomiteen

Dokument 8:259 L (2024–2025)

Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om
Representantforslag frå stortingsrepresentantane
Kathy Lie, Ingrid Fiskaa og Marian Hussein om
styrking av språklova

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet blir det fremja følgjande forslag:

«Vedtak til lov
om endringar i lov om språk (språklova)

I

I lov 21. mai 2021 nr. 42 om språk skal desse endringane
gjerast:

§ 3 andre ledd skal lyde:

Reglane i §§ 12 til 18 gjeld ikkje for

- kommunane
- sjølvstendige rettssubjekt der kommunar og fylkeskommunar har ein slik eigardel eller rett til å velje medlemmer i det øvste organet i rettssubjektet som nemnt i første ledd første punktum bokstav c og d
- interkommunale samarbeid etter kommuneloven kapittel 18 og 19 som ikkje er eigne rettssubjekt, og som har ein eller fleire fylkeskommunar som deltakarar
- Stortinget, Riksrevisjonen, Sivilombodet og andre organ for Stortinget
- intern sakshandsaming.

Tredje ledd blir oppheva. Noverande fjerde og femte ledd blir tredje og fjerde ledd.

§ 11 første ledd skal lyde:

Eit kommunestyre eller eit fylkesting kan sjølv vedta å krevje at statsorgan skal bruke berre bokmål eller nynorsk i all skriftleg kommunikasjon med kommunen eller fylkeskommunen, eller at kommunen eller fylkeskommunen skal vere språkleg nøytral. Ein kommune eller ein fylkeskommune skal reknast som språkleg nøytral så lenge det ikkje er gjort noko slikt vedtak.

§ 13 fjerde ledd skal lyde:

Sentrale statsorgan skal i skriv til eit regionalt statsorgan nytte fleirtalsspråket i tenestekrinsen til det regionale statsorganet.

Noverande fjerde ledd blir nytt femte ledd.

§ 16 andre ledd skal lyde:

Statsorgan skal krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk i arbeidet. Fylkeskommunar kan krevje det same. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa.

§ 17 skal lyde:

§ 17 Klagerett

Er det bruka feil skriftspråk i eit dokument som nemnt i § 14 andre ledd, kan mottakaren eller organisasjonar på vegner av mottakaren klage og krevje at dokumentet blir utferda på nytt. Forvaltningsloven §§ 28 til 35 gjeld for saker etter første punktum.

§ 19 tredje ledd skal lyde:

Språkrådet fører tilsyn med korleis statsorgan og fylkeskommunar etterlever reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.

§ 20 skal lyde:

§ 20 *Opplysningsplikt overfor Språkrådet*

Statsorgan og fylkeskommunar skal gje Språkrådet dei rapportane og opplysningane som Språkrådet ber om som ledd i tilsynet med reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.

II

Lova tek til å gjelde 1. juli 2025.»

Ein viser til dokumentet for nærare utgreiing av forslaget.

Behandlinga i komiteen

Komiteen inviterte til skriftleg høyring om saka, og fem aktørar sende inn skriftlege innspel.

Forslaget blei sendt til regjeringa for kommentarar, og kultur- og likestillingsministeren sende eit utfyllande svarbrev til komiteen 9. mai 2025. Svarbrevet ligg ved innstillinga.

Dokumenta i saka er tilgjengelege på sakssida på stortinget.no.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Åse Kristin Ask Bakke, Mona Nilsen og Torstein Tvedt Solberg, frå Høgre, Turid Kristensen og fung. leiar Tage Pettersen, frå Senterpartiet, Åslaug Sem-Jacobsen og Per Olav Tyldum, frå Framstegspartiet, Silje Hjemdal, frå Sosialistisk Venstreparti, Kathy Lie, og frå Venstre, Naomi Ichihara Røkkum, viser til representantforslaget om styrking av språkløva.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre, støttar forslaget om ein ny bokstav e i § 3 andre ledd som slår fast at språkløva §§ 12 til 18 ikkje gjeld for intern sakshandsaming.

Fleirtalet støttar vidare forslaget om å oppheve noverande tredje ledd: «Lova gjeld ikkje for intern sakshandsaming.» Dette unntaket er etter intensjonen ei vidareføring av unntaket i § 2 b i mållova for: «internt saksarbeid». Det verkar derfor ikkje i tråd med intensjonen å unnta intern sakshandsaming frå reglane i §§ 1 til 11. Fleirtalet meiner det er viktig å rette opp dette,

slik at t.d. reglane i § 4 om at norsk er nasjonalt hovudspråk også gjeld intern sakshandsaming.

Fleirtalet viser til at statsråden støttar lovendinga i sitt svarbrev til Stortinget, og fremjar følgjande forslag:

«§ 3 andre ledd skal lyde:

Reglane i §§ 12 til 18 gjeld ikkje for

- a. kommunane
- b. sjølvstendige rettssubjekt der kommunar og fylkeskommunar har ein slik eigardel eller rett til å velje medlemmer i det øvste organet i rettssubjektet som nemnt i første ledd første punktum bokstav c og d
- c. interkommunale samarbeid etter kommuneloven kapittel 18 og 19 som ikkje er eigne rettssubjekt, og som har ein eller fleire fylkeskommunar som deltakarar
- d. Stortinget, Riksrevisjonen, Sivilombodet og andre organ for Stortinget
- e. *intern sakshandsaming.*

§ 3 tredje ledd blir oppheva. Noverande fjerde og femte ledd blir tredje og fjerde ledd.»

Fleirtalet støttar forslaget om å vidareføre regelen som no står i forskrift 5. desember 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste (målbruksforskrifta) § 5 tredje ledd tredje punktum, om at sentrale statsorgan i skriv til eit regionalt statsorgan skal nytte fleirtalsspråket i tenestekrinsen til det regionale statsorganet. Fleirtalet viser til at denne forskrifta på sikt vil bli oppheva når departementet fastset ei ny språkforskrift.

Fleirtalet meiner det er i tråd med føremålet med lova at sentrale statsorgan, for eksempel eit departement, skriv til underordna organ eller regionale statsorgan som har nynorsk som fleirtalsspråk, på nynorsk.

Fleirtalet viser til at regjeringa støttar lovendinga i sitt svarbrev til Stortinget, og fremjar følgjande forslag:

«§ 13 fjerde ledd skal lyde:

Sentrale statsorgan skal i dokument som er retta mot eit regionalt statsorgan, nytte fleirtalsspråket i tenestekrinsen til det regionale statsorganet.

§ 13 noverande fjerde ledd blir nytt femte ledd.»

Fleirtalet støttar forslaget om å endre ordlyden i § 16. Regelen i dag om at statsorgan «skal kunne» er ein kan-regel meir enn ein skal-regel. Fleirtalet vil presisere at formuleringa i forslaget andre ledd: «Statsorgan skal krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk i arbeidet.» ikkje inneber ei personleg plikt etter lova for den enkelte tilsette til å bruke både nynorsk og bokmål i arbeidet, slik regelen om tjenesteplikt i den gamle mållova la opp til, og som departementet i arbei-

det med språklova gjekk bort frå. «Tilsette» står i ubestemt fleirtal i forslaget og peikar ikkje ut «alle» tilsette. Føresegna vil likevel gi leiinga i organet eit ansvar for og mynde til å organisere arbeidet i organet på ein slik måte at lova blir etterlevd, jf. også § 16 første ledd. Det er dessutan framleis unntak frå denne regelen, slik at dei som ikkje har hatt sidemålsopplæring, kan unntakast frå å bli stilt slike krav til. Kravet om at dei tilsette skal skrive bokmål og nynorsk i arbeidet, hindrar ikkje den tilsette eller arbeidsplassen i å bruke omsetjingsteknologi innanfor dei retningslinjene som til kvar tid gjeld for forsvarleg saksbehandling. Dessutan vil reglane i §§ 9 og 10, som stiller krav om klarspråk og bruk av offisiell rettskriving, gjelde. Fleirtalet legg til grunn at det med formuleringa «arbeid» er forstått skriftleg arbeid, slik som i den gamle mållova, og altså at munnleg bruk av språk ikkje er omfatta av reglane.

Fleirtalet støttar også formuleringa i forslaget til § 16 andre ledd: «Fylkeskommunar kan krevje det same».

Fleirtalet viser til at regjeringa støttar lovendinga i sitt svarbrev til Stortinget, og fremjar følgjande forslag:

«§ 16 andre ledd skal lyde:

Statsorgan skal krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk i arbeidet. Fylkeskommunar kan krevje det same. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa.»

Fleirtalet støttar forslaget til endring av § 17. Det er eit vanleg prinsipp i forvaltninga at ein part kan la seg representere i klagesaker av ein organisasjon som personen er medlem av, t.d. dersom ein ikkje heilt vågar å føre si eiga sak. Fleirtalet vil framheve at det er viktig at regelen blir avgrensa til dei situasjonane der ein part blir representert av ein organisasjon denne parten er medlem av. Fleirtalet merkar seg at departementet viser til at § 18 gir språkorganisasjonar høve til å ta opp saker, også klagesaker, men dette er ikkje regulert som klagerett, nettopp fordi organisasjonen ikkje er part i saka.

Fleirtalet viser til at regjeringa støttar lovendinga i sitt svarbrev til Stortinget, og fremjar følgjande forslag:

«§ 17 skal lyde:

§ 17 *Klagerett*

Er det bruka feil skriftspråk i eit dokument som nemnt i § 14 andre ledd, kan mottakaren eller organisasjonar på vegner av mottakaren klage og krevje at dokumentet blir utferda på nytt. Forvaltningsloven §§ 28 til 35 gjeld for saker etter første punktum.»

Fleirtalet meiner at lovendingane skal gjelde frå 1. juli 2025, og fremjar følgjande forslag:

«Lova tek til å gjelde 1. juli 2025.»

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet viser til at språklova som ble lagt frem av regjeringen Solberg i 2020, var historisk da den kom. Den nye loven trådte i kraft 1. januar 2022.

Komiteens medlemmer fra Høyre viser til at i formålsparagrafen er det slått fast at det offentlige aktivt skal fremme nynorsk som det minst brukte av de to norske skriftspråkene. Det offentlige skal særskilt styrke nynorsken og utjevne de skeive forholdene mellom nynorsk og bokmål.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Fremskrittspartiet viser til at regjeringspartiene, ved behandlingen av språklova, stemte mot de endringsforslagene de rød-grønne partiene foreslo. Dette representantforslaget inneholder de samme fem forslagene, samt to nye. Disse medlemmer mener dette er en ren omkamp, og vil stemme imot forslagene som er fremmet.

Medlemene i komiteen fra Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre støtter hovuddelen av forslaget og meiner det er viktig å sikre at nynorsk får ein meir aktiv og forpliktande plass i offentlig sektor. Desse medlemmene meiner at også fylkeskommunane er viktige aktørar med eit sjølvstendig språkpolitisk ansvar, og at Språkrådet difor bør føre tilsyn med dei på lik linje med andre statsorgan. Desse medlemmene er likevel samde med statsråden i at dei økonomiske og administrative konsekvensane av ei slik lovending først bør greiast ut.

Desse medlemmene fremjar difor følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa greie ut kva økonomiske og administrative konsekvensar det vil ha for Språkrådet å føre tilsyn med korleis fylkeskommunane etterlever reglane i språklova § 10 andre ledd og §§ 12 til 17, og kome attende til Stortinget på eigna måte.»

Forslag frå mindretal

Forslag frå Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa greie ut kva økonomiske og administrative konsekvensar det vil ha for Språkrådet å føre tilsyn med korleis fylkeskommunane etterle-

ver reglane i språklova § 10 andre ledd og §§ 12 til 17, og kome attende til Stortinget på eigna måte.

Komiteens tilråding

Tilrådinga frå komiteen blir fremja av medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak til lov

om endringar i lov om språk (språklova)

I

I lov 21. mai 2021 nr. 42 om språk skal desse endringane gjerast:

§ 3 andre ledd skal lyde:

Reglane i §§ 12 til 18 gjeld ikkje for

- a. kommunane
- b. sjølvstendige rettssubjekt der kommunar og fylkeskommunar har ein slik eigardel eller rett til å velje medlemmer i det øvste organet i rettssubjektet som nemnt i første ledd første punktum bokstav c og d
- c. interkommunale samarbeid etter kommuneloven kapittel 18 og 19 som ikkje er eigne rettssubjekt, og som har ein eller fleire fylkeskommunar som deltakarar

- d. Stortinget, Riksrevisjonen, Sivilombodet og andre organ for Stortinget
- e. *intern sakshandsaming.*

§ 3 tredje ledd blir oppheva. Noverande fjerde og femte ledd blir tredje og fjerde ledd.

§ 13 fjerde ledd skal lyde:

Sentrale statsorgan skal i dokument som er retta mot eit regionalt statsorgan, nytte fleirtalsspråket i tenestekrinsen til det regionale statsorganet.

§ 13 noverande fjerde ledd blir nytt femte ledd.

§ 16 andre ledd skal lyde:

Statsorgan skal krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk i arbeidet. Fylkeskommunar kan krevje det same. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa.

§ 17 skal lyde:

§ 17 *Klagerett*

Er det bruka feil skriftspråk i eit dokument som nemnt i § 14 andre ledd, kan mottakaren *eller organisasjonar på vegner av mottakaren* klage og krevje at dokumentet blir utferda på nytt. Forvaltningsloven §§ 28 til 35 gjeld for saker etter første punktum.

II

Lova tek til å gjelde 1. juli 2025.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 27. mai 2025

Tage Pettersen

fung. leiar

Torstein Tvedt Solberg

ordfører



DET KONGELIGE
KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortinget - Familie- og kulturkomiteen
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
25/2048-

Dato
9. mai 2025

**Svar på representanforslag 259 L (2024–2025) frå
stortingsrepresentantane Kathy Lie, Ingrid Fiskaa og Marian Hussein**

Eg viser til brev 28.4.2025 der kultur- og familiekomiteen på Stortinget ber om kultur- og likestillingsministeren si vurdering av representantforslaget 259 L (2024-2025) frå stortingsrepresentantane Kathy Lie, Ingrid Fiskaa og Marian Hussein om å styrke språklova.

Forslaga til endringar i språklova ser slik ut:

forslag:

Vedtak til lov
om endringar i lov om språk (språklova)

I

I lov 21. mai 2021 nr. 42 om språk skal desse endringane gjerast:

§ 3 andre ledd skal lyde:

Reglane i §§ 12 til 18 gjeld ikkje for

a. kommunane

b. sjølvstendige rettssubjekt der kommunar og fylkeskommunar har ein slik eigardel eller rett til å velje medlemmer i det øvste organet i rettssubjektet som nemnt i første ledd første punktum bokstav c og d

c. interkommunale samarbeid etter kommuneloven kapittel 18 og 19 som ikkje er eigne rettssubjekt, og som har ein eller fleire fylkeskommunar som deltakarar

d. Stortinget, Riksrevisjonen, Sivilombodet og andre organ for Stortinget

e. *intern sakshandsaming.*

Tredje ledd blir oppheva. Noverande fjerde og femte ledd blir tredje og fjerde ledd.

§ 11 første ledd skal lyde:

Eit kommunestyre eller eit fylkesting kan sjølv vedta å krevje at statsorgan skal bruke berre bokmål eller nynorsk i all skriftleg kommunikasjon med kommunen eller fylkeskommunen, eller at kommunen eller fylkeskommunen skal vere språkleg nøytral. Ein kommune eller ein fylkeskommune skal reknast som språkleg nøytral så lenge det ikkje er gjort noko slikt vedtak.

§ 13 fjerde ledd skal lyde:

Sentrale statsorgan skal i skriv til eit regionalt statsorgan nytte fleirtalsspråket i tenestekrinsen til det regionale statsorganet.

Noverande fjerde ledd blir nytt femte ledd.

§ 16 andre ledd skal lyde:

Statsorgan skal krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk i arbeidet. Fylkeskommunar kan krevje det same. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa.

§ 17 skal lyde:

§ 17 Klagerett

Er det bruka feil skriftspråk i eit dokument som nemnt i § 14 andre ledd, kan mottakaren *eller organisasjonar på vegner av mottakaren* klage og krevje at dokumentet blir utferda på nytt. Forvaltningsloven §§ 28 til 35 gjeld for saker etter første punktum.

§ 19 tredje ledd skal lyde:

Språkrådet fører tilsyn med korleis statsorgan og fylkeskommunar etterlever reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.

§ 20 skal lyde:

§ 20 Opplysningsplikt overfor Språkrådet

Statsorgan og fylkeskommunar skal gje Språkrådet dei rapportane og opplysningane som Språkrådet ber om som ledd i tilsynet med reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.

Lova tek til å gjelde 1. juli 2025.

Svar

Språklova blei lagd fram i 2020 og var historisk då ho kom. Norsk språk fekk formalisert status som «nasjonalt hovudspråk» (§ 4). Føremålet med lova er å styrke norsk språk for å sikre det som samfunnsberande språk. Eit godt utbygd nasjonalspråk som kan brukast på dei mest avanserte områda av samfunnslivet, er avgjerande for ei open og opplyst samtale og ein heilt sentral berar av norsk identitet. Som nasjonalspråk står nynorsk svakare enn bokmål på dei fleste domene. Etter føremålet har det offentlege eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukte skriftspråket.

Då Stortinget behandla språklova, ville Ap, Sp og SV ville ha inn endringar i lova. Dei tre partia presenterte fem framlegg til justeringar som dei meinte ville styrke nynorsken som mindretalsspråk (Innst. 253 L (2020–2021)). Forslaga blei ikkje vedtekne, men representantforslaget som no er på bordet, inneheld dei same fem forslaga frå Ap, Sp og SV, i tillegg til to andre forslag.

Eg meiner representantforslaget har mange gode forslag til endringar. Eg støttar fire av sju forslag: § 3, § 13, § 16 og § 17. Nedanfor går eg gjennom dei, paragraf for paragraf.

§ 3

Eg støttar forslaget om ein ny bokstav e i andre ledd som slår fast at språklova § 12 til § 18 ikkje gjeld for intern sakshandsaming. Vidare støttar eg lovforslaget om å stryke noverande tredje ledd: «Lova gjeld ikkje for intern sakshandsaming.» Setninga er etter intensjonen ei vidareføring av unntaket i § 2 b i mållova: «internt saksarbeid». Det verkar derfor ikkje i tråd med intensjonen å unnta intern sakshandsaming frå reglane i § 1 til 11. Det er viktig å rette opp dette, slik at t.d. reglane i § 4 om at norsk er nasjonalt hovudspråk også gjeld intern sakshandsaming.

§ 13

Eg støttar forslaget om å vidareføre regelen som no står i forskrift 5. desember 1980 nr. 4938 om målbruk i offentleg teneste (målbruksforskrifta) § 5 tredje ledd tredje punktum om at sentrale statsorgan i skriv til eit regionalt statsorgan skal nytte fleirtalsspråket i tenestekrinsen til det regionale statsorganet. Denne forskrifta vil på sikt bli oppheva når departementet fastset ei ny språkforskrift. Det er i tråd med føremålet med lova at sentrale statsorgan, for eksempel eit departement, skriv til underordna organ eller regionale statsorgan som har nynorsk som fleirtalsspråk, på nynorsk. Eg vil likevel tilrå ei språkleg endring av ordlyden i representantforslaget for å tilpasse ordlyden til språklova elles, slik at det står «dokument som er retta mot» i staden for «i skriv til», jf. også formuleringa § 13 tredje ledd.

§ 16

Eg støttar forslaget om å endre ordlyden i § 16. Regelen i dag om at statsorgan «skal kunne» er ein kan-regel meir enn ein skal-regel. Formuleringa i første ledd «statsorgan skal krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk i arbeidet» inneber ikkje ei personleg plikt *etter lova* for den enkelte tilsette til å bruke både nynorsk og bokmål i arbeidet, slik regelen om tjenesteplikt i den gamle mållova la opp til, og som departementet i arbeidet med språklova gjekk bort frå. «Tilsette» står i ubestemt fleirtal i forslaget og peikar ikkje ut «alle» tilsette. Føresegna vil likevel gi leiinga i organet eit ansvar for og mynde til å organisere arbeidet i organet på ein slik måte at lova blir etterlevd, jf. også § 16 første ledd. Det er dessutan framleis unntak frå denne regelen, slik at dei som ikkje har hatt sidemålsopplæring, kan unntakast frå å bli stilt slike krav til. Kravet om at dei tilsette skal skrive bokmål og nynorsk i arbeidet hindrar ikkje den tilsette eller arbeidsplassen i å bruke omsetjingsteknologi innanfor dei retningslinjene som til kvar tid gjeld for forsvarleg saksbehandling. Dessutan vil reglane i §§ 9 og 10, som stiller krav om klarspråk og bruk av offisielle rettskriving, gjelde. Eg legg til grunn at det med formuleringa «arbeid» er forstått skriftleg arbeid, slik som i den gamle mållova, og altså at munnleg bruk av språk ikkje er omfatta av reglane. Eg vil oppmode komiteen til å sikre at presiseringane ovanfor kjem med i innstillinga, for å sikre at lovvedtaket har eit visst førearbeid.

Eg støttar også forslaget: «Fylkeskommunar kan krevje det same».

§ 17

Eg støttar forslaget til regel i § 17. Det er eit vanleg prinsipp i forvaltninga at ein part kan la seg representere i klagesaker av ein organisasjon som personen er medlem av, t.d. dersom ein ikkje heilt vågar å føre si eiga sak. Det er viktig at regelen blir avgrensa til dei situasjonane, der ein part blir representert av ein organisasjon denne parten er medlem av. Departementet viser også til at § 18 gir språkorganisasjonar høve til å ta opp saker, også klagesaker, men dette er ikkje regulert som klagerett, nettopp fordi organisasjonen ikkje er part i saka.

Eg støttar ikkje lovendringsforslaga i § 11, § 19 og § 20.

§ 11

Eg støttar ikkje forslaget om gjere språklege endringar i § 11, altså der «kommune» blir bytta ut med «kommunestyre» og «fylkeskommune» blir bytta ut med «fylkesting». Regelen handlar om at kommunar kan «vedta å krevje at statsorgan skal ...» Slike vedtak er det fylkesting og kommunestyre som fattar, etter som dei er vedtaksorgan. Å gjere den språklege endringa som kjem fram av forslaget, endrar ikkje praksis og har ingen språkpolitisk verdi. Det er dessutan slik at lova gjeld for «kommunar og fylkeskommunar», jf. § 3, og det er språkleg uheldig å innføre nye pliktsubjekt i enkeltparagrafar.

§ 19

Eg støttar ikkje forslaget om å legge «fylkeskommunen» til som tilsynsobjekt for Språkrådet. Det skal gode grunnar til for at fylkeskommunar kan underleggast statlege føringar. Å innføre

ein slik regel vil dessutan krevje utgreiing av kva for økonomiske og administrative konsekvensar det vil ha for Språkrådet å få tilført flerie oppgåver enn dei har i dag. Eg frårår derfor å gå vidare med forslaget utan ei utgreiing og offentleg høyring av forslaget. I tillegg er det slik at det gjeld litt ulike reglar for ulike fylkeskommunar, og det er praktisk vanskeleg å føre tilsyn med dei utan å kjenne spesielle tilhøve godt. For statsorgane gjeld det like reglar. Desse er det meir rett fram å føre tilsyn med. Språkrådet kan likevel i dag rettleie fylkeskommunane etter § 19 fjerde ledd.

§ 20

Eg støttar ikkje forslaget. Ettersom § 19 ikkje bør endrast, følger det som konsekvens at heller ikkje § 20 bør endrast.

Med helsing



Lubna Jaffery

